

Kyrkjeblad for Fjaler

NR.3 DESEMBER 2025

83. ÅRGANG



Foto: ?

Ei julebøn frå biskopen

Ein gong fekk mor mi eit julekort som begynte slik: "Kjære Jesus".

Vi lo mykje av det kortet. No hugsar eg ikkje lenger kven avsendaren var. Men eg tenker at han eller ho sikkert var vant til å be, og fann ro og styrke i å be til Jesus. Så i ei stille kveldstund med ein bunke julekort framfor seg og tankane i flyt, var det kanskje mest nærliggjande å skrive nettopp det: Kjære Jesus.

Sjølvs er eg veldig glad i å få julekort. Eg prøver å sende nokre frå meg også. Eg synest det er fint å skrive til slekt og vener om året som har gått, korleis vi har det i familien, og kanskje også med ein refleksjon over hendingar i verda som har gjort inn-

trykk på oss. Til det siste vil det i alle fall vere mykje å ta av når dette året går mot slutten.

Bibelen inneheld mange brev. Kanskje ikkje akkurat julebrev, men elles med mykje som liknar dei breva vi sender i denne tida: Med stor omsorg for mottakarane og med gode råd for korleis ein skal leve saman i kyrkjelydane og vere truverdige vitne om trua på Jesus Kristus. Og ikkje minst: Med overtydande glede og kjærleik til Gud som har gjeve oss den finaste av alle gåver: Jesus Kristus. Gåva som har gjeve evig von.

Eit brev vi kan lese i juletida, er brevet frå Paulus til kyrkjelyden i Roma. Der minner han både kyrkjelyden og oss om barnet som vart fødd i Betlehem, han som kom frå Gud og som gav oss vona som gjer at vi kan få del i den himmelske gleda:

Isais rotskot skal koma, han som reiser seg og rår over folka, til han skal folkeslaga setja si von. Må Gud, som gjev von, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på von ved Den heilage andens kraft. (Rom 15, 12-13)

Denne jula skal vi igjen verkeleg kunne seie:
Kjære Jesus!
For Jesus er vona vi har fått del i.

Vona som vaks fram or ein kvist – eit rotskot. Barnet som kom til verda i mørke og kulde er han som kom med frelse for alle menneske. Det er verkeleg slik Paulus skriv så oppmuntrande i brevet sitt: Vi kan vere rike på von ved Den heilage andens kraft!

Kanskje er det ei erfaring at det er ut frå det som er stussleg og lite, det vi tenkte små tankar om, at noko vakkert vaks fram. Vi kan tenke på vårt eige liv og sjå at der er spor attende til ein stad der det var håplaut, der livet var mørkt, der ein ikkje såg von for morgondagen. Men midt i det som var mørkast og mest utan von, har vi fått lovnad om det som skal kome som skulle vise seg å gjere ein skilnad. I mørket i stallen opna det nyfødde barnet augo og såg sine medmenneske med Guds blick. Han kom med lyset. Der var Gud.

Så om eg skulle skrive ei julebøn dette året, ville den vere slik:

Kjære Jesus, det er du som skal kome. Av den tørraste kvist skal von springe fram. Av det som ingen rekna for noko, skal liv bryte fram. Vi gler oss til du kjem. Vi treng at du kjem. Amen.

Av biskop Ragnhild Jepsen



ALVÆRVIK CONTAINERSERVICE AS

- Containerutleige 8 m³ – 35 m³
- Vi tar på oss alt av transportoppdrag
- Vi hentar alt av stålskrap

90 20 11 00

CONTAINERUTLEIGE • rune.container@gmail.com



Bønering

Kyrkja i Fjaler held fram med bønering annakvar veke etter haustferien. Samlingane vil vere på føremiddagstid, torsdag i partalsveker.

Synest du bøn er godt i kvardagen?

Ber du i ny og ne, kanskje dagleg, og synest det kan vere godt å be saman med andre? Eller kanskje du har tankar rundt krafta i bøn? Kan hende er bøn ein framand og utenkjeleg tanke? Kom og prøv!



Bøneringen er open for alle.

Dei fleste av oss undrar oss på mangt og mykje. Utan at vi må fortelje det kvar og ein av oss har på hjartet av gleder og sorger i kvardagen, er vi saman i bøn for den enkelte. Og, vi kan takke!



Avfallshandtering på Dale gravplass er utfordrande til tider. Uheldigvis har det vore noko feilkommunikasjon mellom leverandør og produsent av container, men no skal den vere sett i bestilling og vi har blitt lovd at den kjem på plass i løpet av våren.

Julesong, konsert med Einar Bolstad, Kari Malmanger og Gunn Kvaale.

9. desember kl. 18.00 i Dale kyrkje



Hjarteleg takk for kr 11050,- i gåve til kyrkjelydsarbeidet i samband med gravferda til Kari Hovland Sæle 06. juni 2025.

Skifte av skifertak på Guddal kyrkje

Byggmester Aase og Hegrenes AS har i haust utført arbeidet med å skifte skifertaket og mykje av undertaket. Det viste seg at dette arbeidet blei gjort akkurat i tide. Så mykje roteskader som var der skulle det berre ein våt vinter eller to til før det hadde blitt vannskader inn i kyrkja.

Dei borda som låg som undertak er av sær god kvalitet, som gjer at dei har tolt den skaden dei var utsett for ganske godt. Det har vore gjenbruk av gamle bord, tømmeret som låg der var raudt i fargen, som vitnar om sein vekst. Snikkarane trur sjølv at dette er bord som har høyrte til den gamle kyrkja frå før 1686, sidan der er bode naglehol og tjærebrende områder, som har blitt gjenbrukt i utvidinga frå 1870.



Dei borda som har blitt ligg der i dag har ikkje same kvalitet som det tømmeret som blei uthenta på 1600-talet, men skiferhellene er lagde tett og fint, så vi vonar det held i minst 100 år før noko må gjerast neste gong.

Vi tykkjer det nye taket ser veldig fint ut, og håper det ikkje er så lenge til vi får oppgradert standarden på dei resterande taka.

Annonseplass i kyrkjebladet

Ynskjer du og bedrifta di å annonsere i kyrkjebladet? Fjaler sokn sitt kyrkjeblad kjem ut 3 gongar i året, til påske, eit sommarnummer og til jul, og blir distribuert til alle husstandar i soknet.

Storleik ¼ side kr. 1000,- pr blad – kr. 3000,- for alle tre. Ta kontakt med kyrjekontoret for info.:
post.fjaler@kyrkja.no

BLADPENGAR – GÅVE TIL KYRKJEBLADET

Frivillig abonnementspris kr. 300,-
Bankkontonr.: 3741.20.73135.
Vippsnummer: 557133

Du kan betale for kyrkjebladet med



Frivillig abonnementspris kr. 300,-

Trivst godt, men saknar Ukraina

Ukrainske Nadiia Vysochanska (58) er tilsett som kyrkjetenar ved gravferder i Dale. Ho har næraste familie her og liker seg godt.

Atle Lyngstad Ness

I tillegg til arbeidet i kyrkja, har ho reinhald på kyrkjekontoret og i Ljosheim. Sjølv om ho liker seg i Dale og Fjaler, legg ho ikkje skjul på at ho saknar heimlandet Ukraina.

Norsk er ikkje lett

Nadiia legg heller ikkje skjul på at ho synest det har vore vanskeleg å lære norsk. Men det kjem seg litt etter litt. – Eg har to barnebarn her i Dale, og når eg snakker til guten på 14 år på ukrainsk, svarer han på norsk og innprentar meg «du må lære deg å snakke norsk, bestemor» Så eg prøver! ler Nadiia.

Attåt arbeid for kyrkja har Nadiia fast 63-prosent delstilling på Hauglandsenteret som hjelpekokk/assistent. Der arbeider også søstera Mariya Ophaug. Det går bra å kombinere jobbane. Nadiia har bil og køyrer til og frå Haugland.

På besøk i Norge før

Søstera Mariya kom til Norge for over 20 år sidan, og Nadiia besøkte henne her i 2004 og 2011. Dei har ei søster til, som bur att i Ukraina. Mannen hennar er militært tilsett.

– Sonen min Igór var også militært tilsett, men måtte gjennom ein hjarteoperasjon og vart difor friteken vidare militærteneste. Så no bur han med kone og to born her i Dale, fortel Nadiia.

Med mann og hund

Mannen Viktor og ho bur i det som inntil for eit par-tre år sidan var Tunkaféen, og dei har ei kvinne frå Ukraina som nabo i andre høgda i huset. Viktor har gardsarbeid.

Nadiia og Viktor og hunden kom seg til Norge i februar 2023, først med bil til Georgia, der Nathalia, dotter til Mariya, møtte dei, og så reiste dei med fly derifrå. – Vi budde i Kherson fylke, i byen Olesjky med om lag 25.000 menneske, seier Nadiia.

Ulik geografi

Ukraina er Europas nest største land i areal, berre Russland er større, og Kherson fylke åleine, med 28.000 kvadratkilometer, er om lag 10.000 kvadratkilometer større enn Sogn og Fjordane. Ukraina er også kalla



Nadiia Vysochanska har vore tilsett som kyrkjetenar her i Dale eitt års tid. Ho trivst med arbeidet og har funne seg til rette i bygda.

Europas kornkammer, og som vi har sett i fjernsyn, er det mest flate areal. Einaste fjellområdet, Karpatane, ligg vest i landet, og på Krimhalvøya ligg Krimfjella heilt i sør.

Geografien som møter Nadiia og dei andre her, med fjell «på alle kantar» er såleis nokså ulik. Men Nadiia trivst med det og liker å gå tur med hunden kvar dag, og å fiske.

Sjukepleiar og kokk

Heime i Ukraina arbeidde ho som sjukepleiar på gynekologisk avdeling i eit sjukehus. Ho liker å lage mat, gjerne ukrainsk, og under Teaterfestivalen laga ho ukrainsk suppe og rundstykke. Det fall i smak.

Til liks med det store fleirtal håper Nadiia at den pågåande krigen snarast må ta slutt. Så lenge den varer, kan dei ikkje dra tilbake til Ukraina. Dei har ikkje hus der lenger, og ho er glad for å ha den næraste familien her i Dale.

– Eg liker meg her og møter mange gode menneske. Sjølv er eg ortodoks, men respekterer sjølsagt at andre har si tru. I Ukraina feira vi ortodoks jul den 7. januar, men her feirer vi på same tid som andre, seier Nadiia. Og det nærmar seg med raske steg for henne og familien og alle oss andre.

Grøn side

Jula - høgtida for å kaste mat

I jula skal vi sjølvsagt ete god julemat som høyrer til høgtidsfeiringa, men vi bør ikkje kjøpe meir enn vi kan ete - av omsyn til nesten vår, miljøet vårt og lommeboka vår. Dessverre kasta folk meir mat i jula enn elles i året – jula må ikkje vere høgtida for å kaste mat!

Matkasting er usolidarisk

I følgje FN, var 673 millionar menneske ramma av svolt i verda i 2024. Over 800 millionar menneske er underernært, mens éin tredjedel av all maten er kasta. Maten vi kastar i Noreg, kunne ha metta meir enn éin million av desse menneske. Det er usolidarisk at vi legg beslag på energi, vatn og landbruksjord i fattige land til å produsere mat som vi kastar, livsviktige ressursar som kunne heller ha blitt brukt til å mette våre svoltne medmenneske.

Matkasting er kostbar

Også i Noreg er det stadig fleire som ikkje har råd til mat til seg sjølv eller familien sin. 85 kg mat per nordmann er kasta årleg. I snitt kaster norske hushaldningar mat verdt rundt 10 000 kroner kvart år!

Kva sa Jesus?

Då Jesus metta fem tusen menneske med brød og fisk, delte han ut så mykje dei ville ha - ein god fest for mykje folk, men då alle var mette, sa Jesus til læresveinane:

«Samla saman dei stykka som er att, så ingen ting går til spille.» Joh 6, 12

Jesus var opptatt av å ikkje kaste maten. Han såg verdien i matrestane som han hadde takka Gud for, maten som Gud i sin nåde har gitt til oss menneske.

Kva kan vi gjere?

Hushaldningar står for ein stor del av det totale matsvinnet. Nokre gode råd frå Framtiden i våre hender:

Kjøp inn riktig mengde mat

Ha oversikt over maten du har heime i fryseren, matskapet og kjøleskapet før du handlar meir. Bruk ei handleliste og kjøp ting som passar saman til spesifikke måltid. Kjøp frukt og grønt i lausvekt i akkurat den mengda du treng. Unngå 3-for-2 og liknande tilbod som gjer at du kjøper meir mat enn du har bruk for. Store pakningar eller kvantumsrabattar kan virke billegare i kilopris, men blir maten dårleg før du rekkjer å ete alt, er pengane likevel bortkasta. Forskning viser at ein kjøper meir mat når ein er svolt, så ikkje handle på tom mage!

Oppbevar maten på best mogleg måte

Legg måltidsrestar i tette boksar i kjøleskapet. Frys mat du ikkje rekker å ete for datoen går ut. Bevar mat som skal vere tørt, kjølig og mørkt riktig.



Bruk opp det du har kjøpt inn

Til dømes: Gamle tomatar er gode i saus og brune bananar er gode i bananbrød. Bruk bøker, nettsider og sosial media for å finne resteoppskrifter som passar til ingrediensene du har i huset. Bruk sansane for å vurdere om «best før» mat er framleis god å ete, t.d. lukt på mjølk. Har mat som snart går ut på dato fremst i matskapet eller kjøleskapet slik at du bruker den først.

HUGS: Ikkje lag fleire porsjonar enn nødvendig og litt mindre porsjonar = meir plass til dessert og julekaker! God jul!

MT

Fleire gode tips finn du t.d. her: <https://sortere.no/jul/spar-penger-paa-julematen-og-unngaa-matsvinn>

Gravminner

Vi formidler Gravminner, Skrifttilføyer, Oppussing og Montering.

Ta gjerne turen innom for råd og veiledning.

Fagmiljø

Vi holder til i Førde,
Øyrane Senter 2.etg - Firdavegen 20
Post@fagmiljo.no - Tlf: 57 72 10 60






Takksam for flotte dagar i Fjaler

Sidan ho vart vigsla som den første kvinnelege biskopen i Bjørgvin, har det vorte mange dagar på visitas for Ragnhild Jepsen. Andre veka i september var ho her hos oss i Fjaler.

Tekst: Atle Lyngstad Ness
Foto Ingjerd Furnes Ness
og Sverre Johan Nærheim

På Facebooksida si i etterkant lånte ho orda til Jakob Sande for å setje merkelapp på visitasgudstenesta: Den vart verkeleg ein fest i Fjaler! Eg reiste heim frå visitas fylt med takksemd i hjartet.

Godt likt

Ragnhild Jepsen har vunne seg stor tillit og er svært godt likt i Bjørgvin sidan ho vart innsett i tenesta 16. april i 2023. Ho er leiar for det største bispedømmet landet, i tillegg er Sjømannskyrkja underlagd 56-åringen frå Ål. Før ho kom til Bjørgvin, var Jepsen 16 år i Nidaros, først kapellan, så sokneprest og til sist 12 år som domprost, med Nidarosdomen som arbeidsstad.

For dei som var så heldige også å få vere med då ho ordinerte Eirik Baug Barsnes i Folkestad i juni 2023, vart det eit hyggjeleg gjensyn no, for andre eit førstemøte å hugse. Ordinasjonen i Folkestad var den første Ragnhild Jepsen hadde som nyutnemnd biskop.



Visitasgudstenesta med påfølgjande kyrkjekaffi vart ei fin og hyggjeleg avslutting på visitasen. Her biskop Ragnhild Jepsen i gudstenesta, og dei fire konfirmantane som var medliturgar. F.v. Milda Liu Solheim, Sofie Heggøy Solheim, Jakob Valvik og Vegard Solheim Valvik.



Tre kor deltok i gudstenesta, dels kvar for seg, og noko som vekselsong. Her ein del av Dale barnekor. Cantus og Guddalskoret var også med.



På salmekveldane høyrer eit godt kveldsmåltid med, og biskopen måtte ikkje bedast til bords fleire gonger. Dette smakte! Dei andre f.v. Inger Lutentun, Jorunn Skaar og søstrene Våge, Arnhild, Judith Helene og Aud Torhill.

Unge og eldre

Visitasen var todelt. Første ettermiddagen var avsett til møte med kommuneleiinga, der m.a. det tilbakevendande problemet med gravplass var tema, andakt på sjukeheimen og salmegudsteneste i Folkestad om kvelden. Neste dag starta rett så internasjonalt, i møte med leiing og besøk i to klassar ved United World College på Haugland.

- Eg fekk ha ein skuletime der temaet var korleis religion kan vere ein drivar for håp og fred. Det gjev mot og tru på framtida å møte slike flotte ungdomar, sa biskopen.

Gravmysteriet i Guddal

Frå Haugland gjekk turen til Guddal, der det som har vorte kalla «myrgravene» attmed den eksisterande kyrkjegarden var tema. Vi veit ikkje kven som er gravlagde her, ei heller kvifor der er så mange graver. Først var



I Folkestad plar dei ha salmekveld to gonger i året. Søstrene Våge; f.v. Aud Torhill (Haugstad), Judith Helene og Arnhild (Lammetun) har mange framføringar bak seg i bedehuskapellet.



Biskop Ragnhild fekk med seg eit interessant møte med den internasjonale skulen, UWC, på Haugland. Natasha Lambert er inne i sitt første skuleår som rektor og tok imot.



På Guddal kunne biskop og sokneprest konstatere at opprusting av kyrkjetaket var godt i gang.

teorien at det kunne ha noko med Svartedauden (1349-50) å gjere, men gravene viser seg å vere eldre. Truleg skriv dei seg frå 1100-talet.

Museumsstyrar Alexander Asphaug Rauboti orienterte, saman med med Reidar Langeland. Samlinga var open, og nokre frå bygda deltok.

Inspirasjon

Om kvelden var det eit nyttig og inspirerende samrådsmøte med soknerådet, tilsette og frivillige i soknet, i Ljosheim.

Første del av visitasen vart avslutta torsdag i møte med kommunestyret, deretter ei samling på Dingemoen skule,

der 10. klassingane hadde rusta seg ut med spørsmål og intervjuja biskop Ragnhild. I Samvirket var der ein slags paneldebatt i regi av Teaterfestivalen, før dagen vart avslutta med tidebøn i kyrkja.

Inkluderande

Søndag var biskop Ragnhild tilbake til avsluttande den visitasgudstenesta, der Cantus, Guddalskoret og Dale barnekor deltok, og konfirmanter var medliturgar. Biskopen heldt visitasforedraget med refleksjonar etter møtet med Fjaler og utfordringar som ligg i løypa. Samværet vart



Biskop Ragnhild fekk også møte nokre frå kommuneleiinga og dei folkevalde i Fjalerhuset.



Daniel Davidsson kom ikkje tomhendt attende, men hadde med seg ein dyre presangar, skriv Jakob'n. Biskop Ragnhild fekk også presang som takk for dagane i Fjaler, frå sokneprest Knut Arne Kummeneje.



På Ljosheim var der ei inspirerende samling med tilsette og frivillige. F.v. sokneprest Knut Arne Kummeneje, sekretær Hildegunn Hellest, kyrkjevevjer Kristin Kalstad, kantor Mark Taylor og kyrkjetenar Oddbjørn Bjordal.

avslutta med varm lunsj i Ljosheim, der det særleg vart lagt merke til at biskopen tok seg tid til å gå frå bord til bord og helse på og snakke med dei som var der. Det opplevdest nært og godt, er tilbakemeldinga: Ei flott og jordnær dame, denne biskopen vår!

Sekretæren til biskopen, Sverre Johan Nærheim, og prost Knut Magne Nesse var med under heile visitasen. Vertskapet, dei lokalt tilsette, var med på heile/delar av visitasen.



Myrgravene var tema då museumsstyrar Alexander Asphaug Rauboti t.v. greidde ut om temaet for biskop Ragnhild, lokalkjende Reidar Langeland og prost Knut Magne Nesse.



Møte med elevane sette biskopen pris på og fekk prøve seg som lærar kring temaet «korleis religion kan vere ein drivar for håp og fred».



Det vart også tid til ein tur inn om det gamle skulehuset der Margrete Reisæter tok imot og fortalde om Jakob Sande-senteret og arbeidet dei driv.

Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørende, med alt som høyrer ei verdig gravferd til.

Blomstertorget AS • Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569



Travle, men trivelege og vellukka visitasdagar for f.v. kantor Mark Taylor, sokneprest Knut Arne Kummeneje, biskop Ragnhild Jepsen og prost i Sunnfjord, Knut Magne Nesse.



Visitasgudstenesta vart verkeleg ein fest i Fjaler, sa biskopen. I Fjalerhuset fekk ho sjå måleriet etter Magnhild (Hustveit) Melien, med det kjende diktet til Jakob Sande som inspirasjonskjelde.



**Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som har det vanskelig?
Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.**

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Mer informasjon om fosterhjem på

fosterhjem.no

Har sunge så lenge ho kan hugse

Barneåra på Nesalandet opna ei verd full av song og musikk for Jorunn Arstein Nes. Songgleda vil vare livet ut, men i haust takka ho for seg i Cantus, etter over 50 år som korsongar.

Bestefar Lauritz var den som meir enn nokon lærde Jorunn å bli glad i songen. Ho er vinterbarn og krigsbarn, fødd 6. desember 1941, og det vart mange gode stunder med etter kvart kjende og kjære songar på fanget til bestefar. Han brukte å fyre godt i omnen, så ofte pipla sveitten fram i panna under krøllene på småjenta når dei hadde songtimen sin. – Han song «støtt» - heime i stova, ute på bøen og ikkje minst når vi var på sjøen i båt, minnest Jorunn.

Songglede smittar, så heile huset heime song. Dei tok songen med seg der dei kom. Jorunn fortel såleis om søstera Magnhild som var tilsett i Gyldendal Forlag og var med på si første juleavslutting. Idet dei var i ferd med å gå kvar til sitt, braut Magnhild ut: Ska'kje me syngje? Det hadde dei aldri gjort før. Men song vart det!



Jorunn og Olav har lagt mykje arbeid i og hatt glede av hagen øvst i Hatledalen.

Dei var fleire ungar på Straumsnes då Jorunn voks opp enn no. Heime var ho midt i flokken på fem. Ho og nabojentene Ingebjørg Arstein og Liv Nedrebø, fødte år etter år, med Jorunn som den eldste, vart etter kvart eit uskiljeleg trekløver. Liv var kusine med begge dei andre, Ingebjørg og

Jorunn var ikkje i slekt. Ollbjørg, søster til Ingebjørg, øvde inn songar med dei, og jentene likte å opptre frå dei var fem-seks år gamle.

- Første skuleåra lærde Mathias Vårdal oss mange songar. Seinare fekk vi Astrid Aasnes. Liv og eg fekk frie tøyler til å lage over- og understemmer. Eg hugsar godt då storskulen var i Holmedalkyrkja før jul og song «Joleklokker over jordi» tostemt så fint at Fridtjof Vik, som sjølv var ein erfaren lærar og kormann, kom og takka og let vel. Det likte vi, seier Jorunn som begynte som sopran, men enda som alt.

Frå oppveksten har Jorunn elles gode minne frå barnefråhaldslag, og frå yngres som kallskapellan Finn Halle Tvedt hadde i stova på Krokhogen. Då dei flytta, heldt ungdomane fram med samlingar i skulen. Liv og Jorunn tok leiarrollene. Jentene var også ei tid aktive med brevkurs som postspeidarar.

Då Jorunn og fem andre nesalendingar begynte på framhaldsskulen i Holmedal, med



Bestefar Lauritz Arstein song mykje, og Jorunn t.v. lytta, song med og lærde. Under handa til bestefaren står yngstjenta Magnhild, og t.h. broren Ove og nabojenta Ingebjørg Arstein.



Ein berømt trio på Nesalandet sist på 40-talet, f.v. Jorunn, Liv Nedrebø og Ingebjørg Arstein.



På Stord møtte Jorunn Olav Nes frå Bremnes, og dei gifte seg i Holmedal i 1964. Siste etappe til bryllaupsgarden ordna far Halvdan med traktor og svans. Dei sat på ein avsaga, dobbel skulepult. Mor Alvhild held nokre av lukkedropane på avstand.



Lars Eikevik som lærar, kom Sigvald Vårdal og spurde om dei kunne tenkje seg å vere med og styrkje Holmedal blandakor. Dei skulle få gratis båtskyss til og frå øvingane. Med vart dei, sjølv om Jorunn ofte var redd under overfarten. Ho tykte det bles støtt.

På lærarskulen hadde dei både skule- og klassekor, og då Jorunn tok vidareutdanning, hadde musikklinja kor der dei øvde inn større verk. Då Olav og ho kom til Dingemoen som nygifte og nyutdanna i 1964, vart Jorunn med i Dale blandakor, med Rolf Daviknes som dirigent.

Etter dette vart det korpause fram til 1979, då Ivar Jarle Eliassen kom som organist. Han starta ungdomskoret Cantus, og dei to gjekk saman om Dale barnekor, med Jorunn som dirigent. For henne var det ein gammal draum som gjekk i oppfylgning.

- Kor lenge dirigerte du barnekolet?
- Eg dirigerte i 15-16 år, både i Roar Lillebø og John Walker si tid, til Mark Taylor tok over. Det var kjekt, men vart i meste laget attåt arbeid og Cantus. Eg meiner at eit kor har godt av å ha noko å strekkje seg etter, men hugsar at det til tider var tungt då barnekolet øvde inn «Stabat Mater» av Giovanni Battista Pergolesi, i Roar si tid. Men jubelen vart desto større etter fullklaff på framføringa, minnest Jorunn.

Vigslingsverket til nye-orgelet «Til me veks ut av oss» av Magnar Åm, med Cantus, kosta også å øve inn, men vart ei flott oppleving til slutt, med ein nøgd komponist i kyrkjebenken under urframføringa.
- Men du song ikkje berre i kor?

Dale barnekor vart skipa i 1979. Her nokre år seinare, då dei nådde finalen i NRK sin korkonkurranse, med Roar Goksøyr Lillebø og Jorunn som leiurar. Framme f.v. Astrid Helen Andreassen, Bente Løvik, Janne Karethe Myklebust, Eirunn Hovland, Guri Høstaker og Einy Rochlenge Borthheim. Bak f.v. Gunn Hjelmås, Johanna Haaland, Rannveig Hovland, Jorill Heggnes, Kjersti Aase og Kari Mestad.



Det kyrkjemusikalske livet fekk eit oppsving i 1979/80 med nytilsett organist. Jorunn var m.a. med i «Kvartetten» som song i den første kyrkjemusikkveka, f.v. Kåre Mestad, Ivar Jarle Eliassen og eittåring Kjersti Røyset.



Gjennom åra vart det mange turar over fjorden for nesalendingen Jorunn, oftast med Adolf «Kleppenesen» Søreide trygt til rors på M/B «Fram».

- Eg song mykje med elevane på Dingemoen. Å starte og slutte skuledagen med song og takke for i dag, tykkjer eg er ein god og viktig skikk, seier Jorunn. Ho song då nyeskulen på Dingemoen vart innvigd i 1972, og ho har ikkje tal på alle gravferdene der ho har sunge solo, oftast i Holmedal og Dale, men òg Naustdal. I vigsla til søstera Magnhild og Oddvar Torsheim i Dale, song ho «Jølstrabrura» av Anders Viken, akkompagnert av Trond Paulsen.



Eit stivpynta Cantus heldt konsert i Dale kyrkje og feira 20-årsjubileum i 1999. Jorunn nr 2 f.v. framme.

Då ho ville syngje i gravferdene til foreldra, spurde Kåre Mestad om ho var sikker på at ho ville greie det?
- Men det gjorde du?
- Det er mange kjensler og tankar å handtere i ei slik stund. Eg trur du går inn i ei rolle der og då, og når du kjenner på at du gjer noko som er rett, då «ber båten». I ettertid er det berre glede over at eg gjorde og greidde det, slår Jorunn fast.

Det mest eksotiske

solistoppdraget skriv seg likevel frå Skottland, då Olav og ho var gjester hos Shirley og John Walker ei

påskehelig. Organist John hadde som vanleg planlagt i detalj og «bestemt» at Jorunn skulle syngje «Påskemorgen slukker sorgen» i sjølvaste Dunkeld-katedralen. Her var ikkje rom for betenkningstid – You have to! sa John.

Det vart kjekke turar med Cantus, dei lengste til Spania, Finland, Skottland og Svalbard. Då Hanus G. Johansen, visesongaren frå Færøyane som døydde i oktober, spelte inn CD-en «Frå leddiken» med Jakob Sandeviser, var Jorunn med han i studio ei heil veke i Klaksvik og assisterte med det språklege. Olav var med her, og

saman har dei vore til Paris og Roma, og på eigen kjøp har dei hatt fine familieturar til øyriket i Askvoll, Sound, Svanøy og Florø for å nemne nokre fine stader. I alle år har Olav og ho hatt stor glede av å stelle i hagen i Hatledalen. Dei har også gått mykje på tur.

Med åra kom fleire greiner på familietreet; tre born, fire barneborn og til no eitt oldebarn. Når alle er busette i Bergen og Oslo blir det ikkje så tett kontakt som opphavet gjerne kunne ha ønskt seg. Slik er det berre.

- Og då har koret vore godt å ha?
- Absolutt. Det er kjekt å samlast og vere i lag. Cantus har følgt kyrkjeåret og syng i kyrkja 1. juledag og 1. påskedag. Det tykkjer eg er høgtidssamt og flott. Minuset er at når vi har våre heime til samvær, så må korsongaren tidleg ut or huset desse dagane. Men det har vore verdt det, seier Jorunn.

Å gje seg med noko som har vore ein så stor og viktig del av livet er ofte ei vanskeleg avgjerd. Har du grua deg til å slutte?

- Om eg har! Sidan eg innsåg at det var tid for å avrunde, har eg slite med den avgjerdsla og kjem til å sakne korlivet. Men eg har fått vere med i mange år og har hatt stor glede



Jorunn og Olav har hatt mange fine turar med eigen båt vestover. Her har dei ankra opp i Alden og teke turen til topps.



Desse fire har vore trufaste i Cantus og heidra på 40-jubileet. F.v. Dagunn Borthheim, Ruth Strand, Jorunn, Åsa Stav og Hilde Søgner.

av songen og samværet. Det er eg takksam for, seier Jorunn. Ho var aktiv i nemnda som samla inn pengar

til nytt orgel i kyrkja, og ho har fått kulturpris både frå Dale musikkorps og Fjaler kommune for innsatsen.

JULEKONSERTAR MED LOKALE KREFTER

Julekonsert i Guddal kyrkje søndag 14. desember kl.19.30

Merk tidspunktet – vi håper alle guddølingane vil vere ferdig i fjøsen og kan oppleve årets julekonsert – vi får syngja våre kjende og kjære julesongar som Det lyser i stille grender og Glade jol som allsong og vil høyre korsong v/ Guddalskoret, inkludert julesongar med tekst skrive av folk frå Guddal – Julesangen av Sonja Dingsøyr og Signa jol av Sigvard Sørebo som Steinar Sørebo Hermansen komponerte musikken til i 2021 med urframføring av koret julaften 2022.

Og ikkje minst, vert det O helga natt og juletonar spela av Mark på orgelet – vi forventar eit stort innrykk av innbyggjarar som vil nyte ei fin førjulsstund i vår vesle vakre kyrkje. Vel møtt!

Den store julekonserten i Dale kyrkje tysdag 16. desember kl.19.00

Vel møtt til den store julekonserten med Cantus, Dale Musikkorps, Dalsfjorden Spelemannslag, Dekor og kulturskulen. 90 minuttar med stemningsfull julemusikk framført av våre dyktige lokale musikk krefter, samt allsong og eit ord for dagen med soknepresten. I år vert det mange fellesnummer – Upp gledjest alle av Odd Nordstoga med kora og spelemannslaget, Juleklokker av Håvard Sveås, ein medley og kjende juletonar med kora og orgelet, samt Dalsfjordjul med spelemannslaget og orgelet. Vi får høyre kjende julesongar som O helga natt som i år vert framført av Dekor sitt mannskor. Kollekt til Fond for Kyrkjemusikk. Vel møtt!

VELKOMEN TIL KYRKJE

Søndag 30. november

Dale kyrkje kl. 19.00: Lysmesse. Dale barnekor og konfirmantane deltek. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Søndag 7. desember

Guddal kyrkje kl. 16.00: Lysmesse. Konfirmantane og Guddalskoret deltek. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Folkestad kapell kl. 19.00: Lysmesse med konfirmantane. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Tysdag 9. desember

Julekonsert med Einar Bolstad, Kari Malmanger og Gunn Kvaale. I år er songarane i Julesong tilbake saman med erfarne musikarar som Inge Ronny Kvåle på strengeinstrument, Bjørn Tore Årøy på tangentar, Gjest Kvåle på gitar, John Børge Askeland på bass. Billettpris kr. 380,-

Søndag 14. desember

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste.
Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

Guddal kyrkje kl. 19.30: Julekonsert.
Korsong v/Guddalskoret, orgelmusikk v/kantor Mark Taylor.
Allsong og ord for dagen. Kollekt til Fond for kyrkjemusikk.

Tysdag 16. desember

Dale kyrkje kl. 19.00: Den store julekonserten med lokale medverkande. Kollekt til Fond for kyrkjemusikk.

Julaften

Folkestad kapell kl. 11.00:
Offer til Kirkens Nødhjelp.

Guddal kyrkje kl. 13.30: Guddalskoret deltek.
Offer til Kirkens Nødhjelp.

Dale kyrkje kl. 16.00: Dale barnekor deltek.
Offer til Kirkens Nødhjelp.

Juledag

Dale kyrkje kl. 12.00: Høgtidsgudsteneste.
Cantus og Dale musikkorps deltek.
Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Søndag 11. januar

Folkestad kapell: Gudsteneste

Straumsnes grendahus:
Gudsteneste og kyrjekaffi.

Søndag 18. januar

Dale kyrkje kl. 11.00:
Gudsteneste.

Søndag 25. januar

Guddal kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste.
Guddalskoret deltek.

Folkestad kapell kl. 19.00:
Salmekveld med kveldsmat.

Søndag 1. februar

Dale kyrkje kl. 11.00: Familiiegudsteneste.
Minikonfirmantane frå heile Fjaler og Dale barnekor deltek.
Utdeling av bibelen.

Søndag 8. februar

Folkestad kapell kl. 11.00:
Gudsteneste.

Dale kyrkje kl. 19.00:
Salmegudsteneste med Cantus.

Søndag 1. mars

Dale kyrkje kl. 11.00: Familiiegudsteneste.
GT-agentane frå 4. klasse frå heile Fjaler og Dale barnekor deltek.

Søndag 8. mars

Guddal kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste.
Guddalskoret deltek.

Folkestad kapell kl. 14.00:
Gudsteneste.

Sjekk www.kyrkja.no/fjaler, facebook.com/FjalerKyrkja
Eller sjå «Det skjer» i Firda på nett for oppdatert informasjon

Vi har ein lang tradisjon i Fjaler med tekstlesarar i gudstenestene. Dette er ei særskild viktig oppgåve.

Tekstlesaren les bibeltektar og andre tektar, og er ein viktig støttespelar for presten og kyrkjelyden. Viss du har lyst til å melde deg som tekstlesar, ta kontakt med kyrkjekontoret.

I kyrkjelyden sidan sist

Døpte

Dale		19.10.25	Olve Eide Lindelid	
31.08.25	Felix Løseth Hovland Bondi Wergeland Lykkebø Milian Valencia Takle (døpt i Vilnes kyrkje)	16.11.25	Dexter Hjartholm Løkkebø Magnus Chacon Haugsbø	
28.09.25	Ada Løseth Holm Alfred Eikevik Aase	Guddal	28.09.25	Edvin Steinseth Rognsøy
05.10.25	Oliver Mjåseth Ulvik (døpt i Vilnes kyrkje)	Folkestad	26.10.25	Ole Telle Grytøyra Tobias Telle Grytøyra

Vigde

Dale kyrkje	
20.09.25	Natalia Marie Gudem Kolås og Jan Tjønneland
22.09.25	Ingebjørg Åsnes og Odd Helge Aase
04.10.25	Ingunn Nistad og Svein Magne Myklebust

Døde

Dale		
12.09.25	Harry Bjarne Alisøy	f. 1946
13.10.25	Svein Magne Myklebust	f. 1966
Hellevik		
05.08.25	Bjørg Standnes	f. 1936
Folkestad		
05.09.25	Nora Johanne Våge	f. 1935

VIL DU BESTILLE DÅP?

Du kan no melde inn dåp elektronisk på vår heimeside:
www.kirken.no/fjaler/

Der kan du registrere barnet og velje dato for dåp. Velg kyrkje og dato der det er ledig plass – alle datoane som kjem opp i lista er gudstjenester med dåp.

Har du spørsmål, ta kontakt med kyrkjekontoret på
post.fjaler@kyrkja.no eller tlf. 405 09 452



facebook



Kyrkja i Fjaler er på Facebook:
www.facebook.com/FjalerKyrkja

Her finn du oppdatert informasjon om
gudstjenester, konsertar, osv.

Vi har også heimeside:
www.fjaler.kyrkja.no

NULL
STRESS
VI TAR DET PÅ
v:pps

Kyrkjeblad for Fjaler

Kontonr. 3741 20 73135

Bladpengar kr. 250 / 300 for året.

Redaktør: Knut Arne Kummeneje og
Hildegunn Hellest

Prent: Printfarm AS

fjaler.kyrkjeblad@gmail.com

Kyrkja i Fjaler

www.kyrkja.no/fjaler

Fjaler sokn

Dalsvegen 105A

6963 Dale i Sunnfjord

Tlf. 40 50 94 52

post.fjaler@kyrkja.no



Kyrkjekontoret er ope

Tysdag, onsdag og torsdag
kl. 09.00–14.00

Tilsette med kontor plass:

Sokneprest Knut Arne Kummeneje

mobil: 908 55 230

kk824@kyrkja.no

Kyrkjevevje Kristin Kalstad

jobb: 40 50 94 52

mobil: 917 15 126

kk636@kyrkja.no

Kantor Mark Taylor

jobb: 40 50 94 52, mobil: 975 13 449

mt884@kyrkja.no

Kantor har fri kvar torsdag

Sekretær Hildegunn Hellest

jobb: 40 50 94 52, mobil: 909 60 321

hh696@kyrkja.no

Kyrkjetenarar:

Dale kyrkje

Gravferd: Nadiia Vysochanska tlf.: 909 57965

Gudsteneste: Oddbjørn Bjordal tlf.: 482 49547

Guddal kyrkje

Folkestad kapell

Kontaktperson: Randi Fretland tlf.: 909 57 857

Vedlikehald av Hellest og Folkestad

gravplassar Jostein Folkestad tlf.: 913 41493

Fjaler sokneråd

Leiar Trude G Høgseth Felde tlf: 992 84 351

Vipps #127523 Fjaler sokn

Vipps #557133 Fjaler kyrkjeblad

Vipps #616403 Fjaler kyrkjemusikk

Vipps #899129 Ljosheim

Kontonr. Fjaler sokn: 3741 07 14567

Kontonr. Ljosheim : 3741 20 36701

INFORMASJON

Avsendar: Fjaler kyrkjekontor
Dalstunet, Dalsvegen 105a
6963 Dale i Sunnfjord

VIL DU VERE MED OG GJERE EIN FORSKJELL I KYRKJA I FJALER?

VI TRENG DEG SOM FRIVILLIG!



Kyrkjelyden i Fjaler er eit levande og varmt fellesskap – og no treng vi fleire hender og hjarte som vil vere med og bidra. Det finst mange måtar å vere frivillig på, og du treng ikkje ha erfaring – berre eit ønskje om å vere med!

Vi søker frivillige til:

- Praktiske oppgåver ved arrangement – som servering, rigging og pynting
- Barnekor og musikkaktivitetar – har du songglede eller spelar eit instrument?
- Tekstlesing i gudstenester – del Guds ord med andre
- Vertskap og kyrkjevertar – ønsk folk velkomen med eit smil
- Aktivitetar for born og unge – leik, hobby og fellesskap

Kvifor vere frivillig?

- Du får vere ein del av eit meningsfullt fellesskap
- Du får bruke dine gaver og evner til noko godt
- Du får gje – og du får mykje attende

Har du lyst å vere med – eller berre vite meir?

Ring oss på 40 50 94 52
Send e-post til post.fjaler@kyrkja.no

Snakk med oss i kyrkja eller kom innom kyrkjekontoret i opningstida – vi tek gjerne ein prat!